


Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane, uansett livssyn.



Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

e-post: t-dagane.voss@kyrkja.no, www.voss.kyrkja.no

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293
(merk: trusopplæring)



Velkommen til T-dag
i Granvin kyrkje
fredag 10. mars 2023
kl. 17:00-20:00



Velkomen til T-dag for deg som er 8 og 9 år (fødd i 2014/2015)

NB! Før du startar med å lese, er det viktig å vite at dette brevet er topp hemmeleg og må kun lesast av åtte- og niåringar frå Granvin, og deira føresette.

Fredag 10. mars kl. 17:00 til 20:00 treng me hjelp av deg til å løysa hemmelege oppdrag og mysterium i Granvin kyrkje.

Me inviterer deg til å vera med på agentoppdrag som:

Symboljakt

Felleskor av tårnagentar

Tårnagentbollar,
og mykje meir.



Dersom de søker på “tårnagent” på www.youtube.com kan du sjå andre tårnagentar, samt lære deg tårnagentsangen me skal syngja.

Borna kan koma åleine, men om nokre foreldre vil vera med er det berre kjekt med “englevakter” som kan hjelpa oss med praktiske ting undervegs. (Gje melding ved påmelding.)

- Gje beskjed:
- om barnet treng spesiell tilrettelegging eller har matallergi.
 - om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
 - om det er greitt at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett e.l.



Ta med forstørrelsesglas og lommelykt om du har!

Påmelding innan onsdag 8. mars.

Send sms til kyrkjelydspedagog Camilla Velsvik,
995 18 194,
eller e-post: cs222@kyrkja.no.